

# Styremøte 3-2016 -Innkalling

Onsdag 16. mars 2016 kl. 18:00 hos Inge

Desse kallast inn: Terje Edvardsen, Alvin Honningsvåg, Arne Hjertenes, Inge Bakke. Kopi til Jan Hammersvik.

## Saker

### Avtale med NOMIL om henting av avfall

Holmavika Hamnelag har hatt eit halvtårsabonnement – med tømning i perioden 1. mai til og med 31. oktober av 1x140 liter restavfallsdunk – tømning kvar veke + 1x140 liter papir – tømning 1 gong kvar fjerde veke. Dette kosta i 2015 kr 2.337,-.

Styret må vurdere om denne avtalen er høveleg og om det er grunn til å gjere endringar.

Vedtak: Stor dunk, restavfall. Tømme 14 dag om sommer, kvar måned om vinter.

### Framlegg til årsmøtet 2017 om endra pris for frikjøp dugnad

Vedtak: Prisen på 800 kr opprettholdes. Frammøte registrerast. Dei som ikke har møtt i løpet av året får tilsendt rekning dersom dei ikkje på førehand har betalt for frikjøp.

### Planlegging av lagshus i hamna

Årsmøtet ba styret om å leggje fram planar til lagshus til neste årsmøte.

Vedtak:

Leiar og nestleiar tek kontakt med kommuna snarast råd og drøfter kva vi kan gjere med omsyn til storleik, tekniske krav, toalettløsning, vatn og anna.

### Sal av plass A på B-brygga

Vedtak:

Plass A på B-brygga selgast til Tor Seljeseth. Harald Aahjem på byttelista tek over plass C5. Plass C8 blir dermed ledig. Bjørn Årevik får tilbod om denne plassen. Han må i så fall betale 18.000 kroner i mellomlegg. Dermed blir plass B på C-brygga ledig. Denne blir då ledig for bytte eller salg.

Kontrakt sendes på e-post til dei som har ny plass.

Byttet skjer 1. april. Eigar av plass C5, Gunnar Peter, får overført kjøpesummen 1. april.

Møtet slutt.